



Pris: 10.-

# OALAND - SKYLEVATNET

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

Lengde: 4 timer

Passar for: Ikkje for dei yngste

Parkering: Parkeringsplass ved sida av driftsbygningen på Oaland

Kartblad: 1212 I: Høle

Verd å merka seg:

Hugs å lukka grindene; dyr er på beite.



Foto: Bjarne Oddane

## OM TUREN

Turen startar i tunet ved den fyrste garden på Oaland, og følgjer ein markaveg gjennom gjødsla kulturgeite. Vidare går den oppover mot Tjørna på ein gamal graskledd anleggsveg. Anleggsvegen går gjennom ein veldig fin og frodig bjørkeskog med kjempeutsikt ned mot Haukali og Haukalivatnet. Turen opp til Tjørna tar omlag 1,5 time. Vel oppe møter ein lyngheia og her passer det fint ta ein pause og henta fram nistepakka. Turen vidare mot Skylevatnet startar med ein stigning opp skaret aust for Tjørna. Her oppe er det ein flott utsikt. Turen nedover følgjer ein ikkje altfor tydeleg sti, men stien er merka så det skal ikkje vere noko problem. Ved Skylevatnet går turen forbi ein gammal steinsett demning og vidare opp mot Oaland.

### Historie og natur

På turen opp til Tjørna går ein gjennom ein frodig bjørkeskog med eit yrande fugleliv. Her held blant anna den vesle dvergspetten til. Er ein heldig får ein kanskje auga på han der han hoppar oppover trestammen på leit etter mat.

“Fantahedlaren” kallast nokre store steinar/heller øvst i skaret mellom Tjørna og Skylevatnet. Frå gamalt av heiter det seg at her overnatta/budde det gjetarar og fantar. Hola er ikkje helt intakt lengre, men dersom ein går ned under hellene finn ein sovehella som dei sov på. Nokon som tørt med soveposen å prøva?



